



Mads Teigenes  
Torgny Segerstedts vei 150  
5143 FYLLINGSDALEN

Ikkje off.  
§ 13 1. ledd, jf. fv. § 13 1.  
ledd nr. 1

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/7366 - 23/20311

Saksbehandlar:  
Roger Fanavoll Fjellsbø  
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.  
no

Dato:  
13.03.2023

## **Vedtak om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt - gbnr 345/26 - Manglande serviceavtale minireinseanlegg**

**Administrativt vedtak:** Saknr: 21/7366  
**Tiltak:** Manglande serviceavtale  
**Byggjestad:** Gbnr: 345/26  
**Tiltakshavar:** Mads Teigenes og Marius Askeland

### **VEDTAK:**

**Med heimel i forureiningslova § 7 første ledd krev kommunen igangsetting av serviceavtale og gjennomføring av service på minireinseanlegget på dykkar eigedom. Frist er satt til 11.04.2023. Alver kommune skal underrettast når dette er utført.**

**Med heimel i forureiningslova § 73 vert det fatta vedtak om ilegging av tvangsmulkt, i form av ei eingongsmulkt stor 10 000,- og løpande dagmulkt stor 200,- dersom serviceavtalen ikkje vert igangsett og service gjennomført innan 11.04.2023. Tvangsmulkta vil gjelde frå 12.04.2023**

### **Saksutgreiing**

Vi viser til førehandsvarsel om pålegg om igangsetting av serviceavtale 17.01.23, med frist **22.02.2023**. I førehandsvarselet ber me om tilbakemelding om at dette er gjort. Alver kommune har ikkje motteke tilbakemelding innan fristen.

### **Grunngjeving for pålegg og ilegging av tvangsmulkt**

Minireinseanlegg skal driftast og vedlikehaldas i samsvar med skriftleg drifts- og vedlikehalds-avtale, jf. forureiningsforskrifta § 12-13. Utslepp frå prefabrikkerte minireinseanlegg er berre gyldig når det ligg føre godkjend serviceavtale.

Mangel på service kan medføre at anlegget dykkar ikkje fungerer slik det skal og medfører fare for forureining på utsleppspunktet.

Grunnboka visar at det er de som er eigarar av eignedomen, og kommunen rettar difor pålegget til dykk.

### **Føresegna i forureiningslova § 7 seier at alle har ei plikt til å unngå forureining.**

Det følgjer av forureiningslova § 7 først ledd at «(I)ngen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forureining» utan at det er gjeve løyve til det. Ein kvar gjenstand i metall som blir hensatt, vil før eller sidan rusta opp, og miljøskadelege stoffer vil bli tilført grunnen. Oppbevaringa av gjenstandane er nok til at dei er rein miljøforureining i dag og vil vera ein fare for forureining ein gong i framtida dersom dei blir liggjande lenge.

### **Andre opplysningar**

Pålegg om tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg, jfr. tvangsfullbyrdslova § 7-2. Tvangsmulkta kan inndrivast utan opphald av Statens innkrevingsentral.

Den som unnlatar å treffa tiltak som han er pliktig til etter forureiningslova § 7, kan straffast med bøter eller fengsel i inntil 1 år, jfr. forureiningslova §§ 78 og 79.

### **Kva kan de gjere for å unngå tvangsmulkt**

- De må inngå ny serviceavtale med godkjent firma
- De må få eit godkjent firma til å gjennomføre service på minireinseanlegget dykkar.

Når de har oppretta ny serviceavtale og service er gjennomført, må de sende inn dokumentasjon til kommunen innan fristen.

Dokumentasjon sendast til:

E-post [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)

Brev Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

### **Frist for innsending av dokumentasjon**

De må sende kommunen dokumentasjon innan **11.04.2023**.

### **Kva skjer om de ikkje følgjer pålegget?**

Om de ikkje følgjer pålegget, må de betale tvangsmulkt som vedtatt over. Vi kan vedta nye og høgare tvangsmulktar dersom det ulovlege tilfellet fortsett.

Pålegg kan tinglysast som heftelse på eignedomen om det ulovlege tilfellet ikkje rettast.

### **Informasjon om retten til å klage**

De har rett til å klage på vedtaket. Klagen må sendast til oss **innan 3 veker** frå de mottok dette vedtaket.

### **Aktuelt regelverk:**

- Plikta til å unngå forureining følgjer av forureiningslova § 7
- Ilegging av tvangsmulkt følgjer av forureiningslova § 73
- Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forureiningslova §§ 78 og 79.
- Pålegg om tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg, jfr. tvangsfullbyrdslova § 7  
Tvangsmulkta kan inndrivast utan opphald av Statens innkrevingsentral.

Dersom de har spørsmål til saka, kan de ta kontakt med sakshandsamar på telefon 462 99 440 eller på e-post.

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

## Informasjon om retten til å klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/7366

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Mottakarar:

Mads Teigenes  
Mads Teigenes

Torgny Segerstedts vei 150 5143 FYLLINGSDALEN  
Rørleggermesteren AS, 5917 ROSSLAND  
Roslandsvegen 1495

Marius Askeland

Deganeveien 3 4048 Hafrsfjord